Radøy kommune
Teknisk drift

Frode Endrè Mellingen

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar:<br>Vår: 17/1557 - 17/9812 | Einar Færø<br>einar.faero@radoy.kommune.no | 08.08.2017 |

# Snekkevika badeplass - Manglande vedlikehald

Me viser til dykkar mail datert 20.07.17.

For nokre år sidan valgte Radøy kommune å seia opp leigeavtalen som gav rett til parkering på den private parkeringsplassen.

Dette i kombinasjon med mange dårlege somrar førte til  at badeplassen vart svært lite nytta. Vedlikehaldet vart trappa ned og etter kvart ikkje prioritert.

Skal Snekkevika på nytt verta attraktiv som badeplass vil det krevja eit vedlikehaldsløft og det må setjast av ressursar til jamleg vedlikehald i heile badesesongen. Dette er oppgåver Radøy kommune ikkje har ressursar til på eiga hand å kunne utføre, og difor har nedprioritert.

Me takkar for dykkar initiativ og velvilje til å yta dugnad, men Radøy kommune/teknisk drift kan ikkje lova nokon medverknad no utan at det kjem klare signal på at dette er arbeidsoppgåver som skal prioriterast.

Med helsing

Einar Færø
leiar teknisk drift

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**
Frode Endrè Mellingen